

I-09 REGLEMENT FOR ELDRERÅDET I ØYSTRE SLIDRE

§ 01 VAL OG SAMANSETTING

Eldrerådet har 5 medlemmer med personlege varamedlemmer.

3 av medlemmene skal nemnast opp blant pensjonistar etter forslag frå Pensjonistforeininga. Desse skal vera alderspensjonistar.

1 medlem bør veljast blant medlemmene i formannskapet, og 1 medlem bør veljast blant medlemmene i Levekårsnemnda.

Eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar blant pensjonistane i rådet.

§ 02 FUNKSJON, ANSVAR OG HOVUDOPPGÅVER

Eldrerådet er oppretta med heimel i Lov om kommunale og Fylkeskommunale eldreråd, av 8. november 1991.

Eldrerådet er eit rådgjevande organ som skal ha til behandling saker som gjeld levkåra til eldre i kommunen.

Rådet kan sjølv ta opp saker som gjeld eldre i kommunen.

Møteprotokollen frå møta i rådet skal følgje saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

Rådet skal gjeva uttale i følgjande saker før behandlinga i Nemnder/formannskap/kommunestyre:

- kommuneplan
- økonomiplan/årsbudsjett- bustadprogram
- tiltak og planer i helse- og sosialsektoren og andre kommunale tiltak som i særleg grad vedkjem eldre.

Eldrerådet disponerer eige budsjett. Tilvisingsmyndigheit ligg til rådmannen.

§ 03 MØTER OG SAKSBEHANDLING

Eldrerådet skal ha møter når leiaren finn det naudsynt, eller når minst 2 medlemmer krev det. Møta skal haldast for opne dører.

Eldrerådet skal kallast inn skriftleg etter godkjent møteplan, og med 7 dagars varsel. Saksdokumenta skal sendast medlemmer og varamedlemmer og andre som har møterett.

Eldrerådet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades. Avgjerd blir gjort med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal er leiaren si dobbeltstemme avgjerande.

Ordførar og administrasjonssjef kan ta del i drøftingane i rådet. Ordføraren kan la seg representere ved ein annan medlem av formannskapet, og administrasjonssjefen kan la seg representere ved annan tenestemann.

Gjennomgåande reglement I-01, gjeld elles så langt det høver.

§ 04 SEKRETARIAT

Rådmannen har ansvar for å stille naudsynt sekretariat til rådvelde for rådet. Sekretariatet kan i samarbeid men leiaren kalle inn andre ein det tenleg å rådføre seg med.